

# KONFLIKTER I ARBEIDSLIVET BEREDSKAPSPLAN FOR OSTERØY KOMMUNE

13. utgåve - 2021

*Føremålet med planen er å vera «føre var» ved ev. arbeidskonflikt (streik); å ha vurdert og klargjort kven som har fullmakter, kven som er definert som arbeidsgjevarrepresentantar, kven som har kontakt med KS og arbeidstakarorganisasjonane, kven som skal informere brukarar/innbyggjarar m.v. og kven det må/bør søkjast dispensasjon for ved ev. streik.*

## Lokal beredskapsgruppe

Osterøy kommune si lokale beredskapsgruppe er identisk med rådmannen si leiargruppe, supplert med ordførar. I kritiske situasjoner kan rådmannen utvida beredskapsgruppa.

Rådmannen er leiar i beredskapsgruppa. Rådgivar politisk sekreteriat har funksjon som sekretær.

Beredskapsgruppa skal m.a. vurdera trangen for *felles* informasjon ut i lokalsamfunnet.

## Ansvar - Fullmakter

Rådmannen sjølv har i utgangspunktet alle aktuelle fullmakter for verksemda Osterøy kommune. Ved rådmannen sitt fråver - som må vera tydeleg uttrykt i ein ev. beredskapsituasjon – ligg tilsvarande fullmakter til rådmannen sin stedfortredar f.t. HR-leiar

Ved ev. samanfall av fråver rådmann og stedfortredar, skal fullmaktene delegerast skriftleg, med kopi til beredskapsgruppa og alle einingar på nivå 2.

## Leiarar –Arbeidsgjevarrepresentantar. Jf. HA's del B §2-1.

Følgjande leiarstillingar – fordelt på tre nivå - er definert som arbeidsgjevarrepresentantar i Osterøy kommune:

### Nivå 1 - Rådmannsnivået

Rådmann  
Kommunalsjef (3 still)  
Leiarar i stab (3 still)

### Nivå 2 –Einingsnivå

Nestleiar Helse omsorg og sosial (ein still)  
Leiar Helse (ein still)  
Leiar Osterøyttunet (ein still)  
Leiar NAV (ein still)  
Leiar Heimetenesta (ein still)  
Leiar bu- og avlastningstenesta (ein still)

Leiar psykisk helse og rusomsorg (ein still)

Leiar skule (ein still)

Leiar barnehage (ein still)

Leiar Familiens hus (ein still)

Leiar Kultur (ein still)

Leiar teknisk forvaltning (ein still)

Leiar plan og utvikling (ein still)

### Nivå 3 - Avdelingsnivå

Rektorer i grunnskulen (fem still)

Rektor i kulturskulen (ein still)

Leiar Bibliotek (ein still)

Leiar integrering og læringssenter (ein still)

Styrarar i barnehage (fem still)

Leiar barnevern (ein still)

Leiar barn og familieteamet (ein still)

Leiar PPT (ein still)

Leiar Helsestasjon (ein still)

Leiar Koronateam (ein still)

Avd.leiar i Osterøy tunet (tre still)

Avd.leiar i heimetenesta (to still)

Avd.leiar Bu og avlastningstenesta (fem still)

Avd.leiar ergo/fysio (ein stil.)

Avd. psykisk helse og rusomsorg (ein still)

Avd.leiar drift kommunale bygg (fire still)

Totalt er dette 49 stillingar, fordelt slik: Nivå 1 - 7 still. Nivå 2 - 13 still. Nivå 3 - 29 still.

*Dei aktuelle leiarane har same ansvar for verksemda si drift under arbeidskonflikt som elles, sjølv om nokre arbeidsoppgåver opphører og tenestetilbodet blir redusert under ein konflikt. Arbeidsgjavarrepr. kan utføra alle verksemda sine oppgåver under ein ev. konflikt.*

Dersom ein eller fleire frå leiarnivå 2 over blir tatt ut i streik, og det ikkje blir gitt dispensasjon, blir ansvar og mynde overført til nivået over, dvs. sektorleiinga og rådmannen. Dersom sektorleiinga eller leiarar i stab er tatt ut i streik og det ikkje blir gitt dispensasjon blir ansvar og mynde overført til rådmannen. Det same gjeld for avd.leiarane på nivå 3 – ansvar og mynde går einingsleiar heimetenesta/Osterøy tunet/Bu og avlastningstenesta/leiar skule etc.

### Kontakt med KS

Rådmannen er KS sin ansvarsperson i Osterøy kommune, med HR-leiar som kontaktperson.

Det er viktig at minst ein av desse to personane er tilstades kvar dag i beredskapsperiodar med fare for streik, og under streiker, slik at informasjon frå KS kan bli mottatt og ev. vidarefor- midla utan opphold. Leiarane bør også sjekka KS si Internettseite hyppig i slike periodar

<https://www.ks.no/fagområder/lønn-og-tariff/tariff-2021/tariff-2019--beredskap/>

## **Kontakt med arbeidstakarorganisasjonane**

Rådmannen sjølv og HR-leiar ev. repr. ved eit medlem frå beredskapsgruppa - har den formelle kontakten med arbeidstakarorganisasjonane sine tillitsvalde i ein beredskaps- og streikesituasjon. Det betyr m.a. at det er HR-leiar – med bakgrunn i delplanar og i forståing med leiar - som søker dispensasjonar og ev. sender permitteringsvarsel.

## **Interessetvister – jf. Hovudavtalens del A, §5**

-Iflg. HA §5-1-1a) skal *plassoppseiling* varslast til KS minst 14 dagar før arbeidskamp blir sett i verk.

KS sender umiddelbart melding vidare til dei kommunane som er omfatta av plassoppseiinga. Rådmannen/ HR-leiar skal straks senda ev. informasjon om plassoppseiling vidare til dei aktuelle leiarane i beredskapsgruppa og leiarar på nivå 2. Kopi til ordførar

-Iflg. HA § 5-1-1b) skal *plassfråtredelse* (omfanget av plassoppseiinga) varslast til KS minst 4 dagar føreåt. Same frist gjeld ved ev. *opp trapping*.

-Iflg. HA §5-1-1c) skal oppgåve (namneliste) over kven som er tatt ut i streik, presenterast for den lokale arbeidsgjевaren, dvs. rådmannen/HR-leiar, minst 4 dagar føreåt – innenfor kontortid og seinast kl 1600.

Merk: Konsekvensen av å varsle for seint er at streika må «utsetjast» tilsvarende!  
Medlemsliste skal følgje varselet.

HR-leiar vidaresender umiddelbart begge listene til dei aktuelle einingsleiarane (e-mail).

*Jf. elles vedlagt skjematisk oversikt over gongen i forhandlingane – vedlegg 1*

MERK: -Det er ikkje anledning til einsidig partiell (delvis) arbeidsnedlegging innafor KS sitt tariffområde.

-Det er ikkje anledning til einsidig å trekkja tilbake ein plassfråtredelse, for så å varsla om nye personar (dvs. ”skifta ut” dei som er i streik!)

-I periodar med streik bør arbeidsgjever kreva sluttattest ved tilsetjing (for å unngå å tilsetja personar som er i streik i anna verksemnd!)

-Iflg. HA forpliktar organisasjonane seg til å forhandle om å unnta frå aksjon/streik personar eller grupper som trengs for ikkje å skada tredjemanns interesser på ein utilbørleg måte.

HR-leiar må forvissa seg om at aktuelle HTV’ar er tilgjengelege i den mest kritiske perioden!

## **Informasjon til brukarar og arbeidstakarar, innbyggjarar og KS**

Når ikkje anna er avtalt har den respektive leiar informasjonsplikt ovafor brukarar og arbeidstakarar som ikkje er i streik, tilsvarende «sitt» område for mynde og ansvar. Slik informasjon må vera sakleg og eintydig.

Rådmann/HR-leiar informerer KS om den totale streikesituasjonen i kommunen.

Beredskapsgruppa avgjer om det er naudsynt med meir omfattande og felles informasjon til brukarar/innbyggjarar, ev. andre.

**Dispensasjonar – jf. HA's del A §5-1-2, a-b)**

Følgjande personar/grupper er det aktuelt at HR-leiar søker dispensasjon for *før* ev. konflikt (arbeidsstans) blir iverksett:

Jf. Vedlegg 6

Iflg. HA del A §5-1-2 skal partane, *før* kampmidlar blir tatt i bruk/streik blir iverksett forhandle om å unnta frå aksjon personar eller grupper som er nødvendige for at ikkje tredjemanns interesser skal bli skada på ein utilbørleg måte. Jf. Vedlegg 6

*Planen er vedtatt av rådmannen den\_\_19.05.2021:*

**Aktuelle telefonnummer til beredskapsgruppa og kontaktpersonar**

Ordførar Lars Fjeldstad                                  mob:

Rådmann Ingvild Hjelmtveit                                  mob

Kommunalsjef Berit Karin Rystad                                  mob

Kommunalsjef Nina Kvamme\*                                  mob

Kommunalsjef Olaf Hella    mob


HR-leiar Øystein Aadland    mob

Økonomisjef Øyvind Johannessen                                  mob

Leiar stab Tor Asle Skiple    mob:

Nestleiar HOS er stedfortreder  
Nestleiar HOS Kristin Ruud Myking                                  mob:

Skjematisk oversikt over gongen i dei sentrale forhandlingane – utdrag fra Streik – «forholdsregler ved arbeidsnedleggelse og annen arbeidskamp»  
 Sjå side 4 i streikehøfte for arbeid før, under, og etter streik



## Oversikt over arbeidsgjeverrepresentantar i Osterøy kommune

| Namn                    | Rolle                              | Telefon |
|-------------------------|------------------------------------|---------|
| <b>Nivå 1:</b>          |                                    |         |
| Ingvild Hjelmtveit      | Rådmann                            |         |
| Øystein Aadland         | HR-leiar                           |         |
| Berit Karin Rystad      | Kom.sjef Samf.utvkl.               |         |
| Nina Kvamme             | Kom.sjef HOS                       |         |
| Olaf Hella              | Kom.sjef OUK                       |         |
| Øyvind Johannessen      | Økonomisjef                        |         |
| Tor Asle Skiple         | Leiar stab                         |         |
|                         |                                    |         |
| <b>Nivå 2:</b>          |                                    |         |
| Kristin Ruud Myking     | Nestleiar HOS                      |         |
| Nina Thorbjørnsen       | Leiar Helse                        |         |
| Åse Vevle               | Leiar Osterøytunet                 |         |
| Vigleg Kalland          | Leiar NAV                          |         |
| Anne Berit Jørgensen    | Leiar Heimetenesta                 |         |
| Trude Dingsør Totland   | Leiar psykisk helse og rusomsorg   |         |
| Hege C. Høvig           | Leiar BUA                          |         |
|                         |                                    |         |
| Monica V. Reigstad      | Leiar skule                        |         |
| Hilde Gunnarson         | Leiar barnehage                    |         |
| Else Magrethe T Aarland | Leiar Familiens hus                |         |
| Linda J. S Nordås       | Leiar Kultur                       |         |
|                         |                                    |         |
| Hege Eeg                | Leiar teknisk forvaltning          |         |
| Pelle Engesæter         | Leiar Plan og utvikling            |         |
|                         |                                    |         |
| <b>Nivå 3</b>           |                                    |         |
| Hjørdis Østerbø         | Rektor Ungdomsskulen               |         |
| Vidar Rosnes            | Rektor Lonevåg                     |         |
| Britt M. Rød            | Rektor Valestrand                  |         |
| Tove Ludvigsen          | Rektor Haus                        |         |
| Kjell Haugland          | Rektor Fotlandsvåg                 |         |
| Frank Windt             | Leiar kulturskulen                 |         |
| Henrik Carlsen          | Leiar Bibliotek                    |         |
| Trude Tomren            | Leiar integrering og læringssenter |         |
| Kari V. Reigstad        | Styrar Lonevåg bhg                 |         |
| Merethe M. Kvamme       | Styrar Hauge bhg                   |         |
| Berit Karin Vik         | Styrar Haus bhg                    |         |
| May- Lis Daltveit       | Styrar Valestrand bhg              |         |

|                     |  |  |
|---------------------|--|--|
| Siri Vaarvik        | Styrar Mjøsdalen og Fotlandsråg<br>bhg |  |
| Jane K. Tønjum      | Leiar barnevern                        |  |
| Jenny Ann Burkeland | Leiar barn og familieteamet            |  |
| Kristine Lavik      | Leiar PPT                              |  |
|                     | Leiar Helsestasjon                     |  |
| Bente Brurås        | Leiar Koronateam                       |  |
|                     |  |  |
|                     | Avd.leder Osterøytnet                  |  |
|                     | Avd.leder Osterøytnet                  |  |
|                     | Avd.leder Osterøytnet                  |  |
| Irene Elvik         | Avd.leder BUA                          |  |
| Torhild S. Høylo    | Avd.leder BUA                          |  |
|                     | Avd.leder Heimetenesta                 |  |
| Linda Tepstad       | Avd.leder Heimetenesta                 |  |
|                     | Avd.leder Psykisk helse og rus..       |  |
| Anne Sidsel Hoel    | Avd. leder ergo/fysio                  |  |
|                     |  |  |
| Ove Pedersen        | Avd. leder kommunale bygg              |  |
| Solgunn S. Presttun | Avd. leder reinhald                    |  |
| Andreas Sylta       | Avd. leder Veg, vatn og avlaup         |  |
| Tore Fanebus        | Avd. leder Brann og redning            |  |

### Vedlegg 3

..... sin delplan til beredskapsplan for Osterøy kommune  
(arbeidsplass)

Med utgangspunkt i mottatt plassoppseiing og at tredje person sine interesser (liv, helse, eigedom, ev. anna) ikkje skal koma til skade på ein utilbørleg måte, jf. HA del A, § 5-1-2 (b), er følgjande vurdert:

- 1)Kva funksjonar må haldast i gong også under streika? (List opp!)
  
  
  
  
  
- 2)Korleis planlegg ein å halda desse i gong? (Omorganisering, endra arbeidstid, anna.)
  
  
  
  
  
- 3)Kva vedtak, t.d. delegeringsvedtak, kan det bli nødvendig å fatta? (List opp.)
  
  
  
  
  
- 4)Kva arbeidstakrar/arbeidsfunksjonar blir det bli søkt om dispensasjon for? (List opp.)
  
  
  
  
  
- 5)Kva tidsperiode blir det søkt om? (Ved turnusarbeid – t.d. ei veke om gongen.)
  
  
  
  
  
- 6)Kva alternative arbeidsoppgåver kan bli lagt til ikkje-streikande arbeidstakrar?
  
  
  
  
  
- 7)Vil ev. avslag av dispensasjonssøknad/-er gi grunnlag for å vurdere permittering?

\* \* \*

Pkt. 1-6 er del av grunnlag for Osterøy kommune sin samla søknad om dispensasjon *før* ev. konflikt (arbeidsstans).

*Planen er vedtatt av ansvarleg leiar den .....:* .....

**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ STREIK**

Til: .....  
(namn på fagforening og HTV/FTV)

I samsvar med Hovedavtalen del A § 5.1.2 blir det søkt om dispensasjon for:

Namn og stilling: .....

Arbeidsplass: .....

Dato: .....

Tidspunkt (ev. kva vakt): .....

**Grunngjeving:**

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

(dato)

.....

(HR leiar si underskrift)

Kopi til ordførar

Oversikt søknad om dispensasjoner før arbeidsstans

| Stilling | Namn | Grunnjevning |
|----------|------|--------------|
|          |      |              |
|          |      |              |
|          |      |              |
|          |      |              |
|          |      |              |
|          |      |              |